

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/20	Kommunestyret	OS	13.02.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA-M49, FA-J81	20/144

### Informasjon om framdrift investeringar V/A

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Så snart ein tidsplan er investeringane innan V/A er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.

#### Kommunestyret - 001/20 - 13.02.2020

#### KS - behandling:

Sakshandsamar Rolf Henning Myrmel orienterte om framdrift for investeringar innan V/A.  
(presentasjonen ligg ved møteboka)

- Kommunen jobbar ut frå hovudplan vatn og den ROS-en som ein har, og VA-norm som er styrande.
- Det er utstyr for overvaking av vatnet på plass på Litlås og Årås, skal ha fleire på strekket mellom desse. Dette er digitale målarar slik at ein får varsel på telefonen om det skjer noko.
- Har ei Ros-analyse frå 2018, den er ikkje gammal men skal oppdaterast no, dette er høgaktuelt etter det som skjedde på Askøy. Oppdateringa skal vera ein skikkeleg gjennomgang.
- Det er engasjert firma for anbod på konsulenttenester, det skal komma på Doffin-basen no 14. februar, med avklaring til påske.
- For investeringane er det best økonomi i å ta sjøleidningane parallelt. Vidare må ein gjera tiltak for å få avløp ut av indre basseng, ligg i korta at det kjem noko miljøkrav her for å få dette ut av indre basseng.
- Etter at desse prosjekta er ferdige, når ein har fått ringvassleidning og dobla tilføringa til vasstårnet på Årås, så er det vatn til Førland som står for tur.
- Ringvassleidning til vasstårnet vil gje betre løysing for reservevatn. Kommunen har Rasmusvatnet som krisevatn, men det heldt ikkje drikkevasskvalitet og det vil vera store ulemper å ta det inn på drikkevassnettet.
- Ein håpar at ein kan komma i mål med ringleidning i Nordhordland, ved ei påkopling frå Radøy-sida

mot Austrheim.

- Kommunen skal laga ny prøvetakingsplan som er godkjent av Mattilsynet. Det som det er litt usikkert er korleis ein skal lesa avtalen med Alver om reservevassforsyning (Austrheim får vatnet frå Alver sitt anlegg på Litlås).

Atle Utkilen (Bygdelista) spurte kvar tala i V/A-planen er henta frå.

Myrmel svara at tala i hovudplanen er gamle. Noko av endringane skuldast ein annan trasé enn det som låg inne før, prøver å ta vatn og avløp i same grøfta for ein del av dette.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er ein del usikre tal, men kommunestyret ønskete ei slik førebels løypemelding. Får anten gjort meir eller mindre i den kommande perioden.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at kommunestyret 12.12.19 ønskete ein slik gjennomgang for å sjå om ein kunne komma i gang med investeringar. Lerøy la til at så snart ein tidsplan for investeringane er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.

Gro Kaland (Sp) spurte om prosjektet med vatn Kaland, der dette hang saman med utbygging av omsorgsbustader.

Rolf Henning Myrmel svara at prosjektet med omsorgsbustader er utsett til 2022, så dette er ikkje med i planen no.

Gro Kaland (Sp) spurte om det er mogleg å komma i gang tidlegare?

Ordførar Per Lerøy svara at dersom ein privat utbyggar i nærliken har overskot av stein, kan ein få ei ordning med å få steinmassar til å masseutskifta der omsorgsbustader på Kaland er planlagt (det er mykje jord på det aktuelle arealet).

Handsaming i kommunestyret:

Samrådstes for rådmannens framlegg til vedtak med presisering frå Per Lerøy:

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Så snart ein tidsplan er investeringane innan V/A er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.

### **KS - vedtak:**

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Så snart ein tidsplan er investeringane innan V/A er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

Orientering om framdrift for investeringar på VA i 2020-2022.

### **Vurdering**

Kommunen har for 2020 sett av 15 mill. til utbygging på VA. Administrasjonen har utarbeid forslag til prioritering av tiltak med bakgrunn i VA-ros og hovudplan for VA.

I veke 6 vert forespørsmål om tilbod på VA-konsulent lagt ut med 30 dg frist for innkomming av tilbod. Evaluering av tilbod og tildeling av kontrakt i veke 14. Prosjektering VA og utlysing av tilbod til

entreprenør vert utført fortløpende.

Vassforsyning	Sum	År	Prioritet	Status
Overvåking system med nye vannmålere	1 000 000	2019/20	1	Igangsatt
Ny Ros	150 000	2020	2	Igangsatt
Konsulent	1 500 000	2020	3	Igangsatt
Sjøledning fra Torvneset til Utkilen	1 010 000	2020	4	
Ledning Utkilen	3 400 000	2020/21	5	
Sjøledning fra Utkilen til Mastrevik	1 685 000	2020	6	
Ledning fra Mastrevik til x ved kommunehuset	3 240 000	2021/22	7	

Avløp	Sum	År	Prioritet	Status
Konsulent	750 000	2020	1	Igangsatt
Overvåking pumpestasjoner.	500 000	2019/20	2	Igangsatt
Pumpestasjoner Åråsvågen	1 200 000	2020	3	
Pumpestasjon Leikvoll.	500 000	2021	4	
Pumpeledning fra Mastrevik til x kommunehuset	1 920 000	2021/22	5	
Pumpestasjon Mastrevik	500 000	2022	6	

Rådmannen vil komme tilbake med justert framdriftsplan når tilbodsprisar føreligg, i oppsettet over er det nytta budsjettprisar som kan variere mykje.

Når ny hovudvassledning fram til høgdebasseng er på plass vil videre utbygging av vassledning til Førland bli prioritert.

Oppgradering av vass og avlaupsledninger på Kaland vert knytt opp mot utbygging av omsorgsboligar.

## Konklusjon

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

